

Framlegg
til lov om endringar i lov av 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med
motorvogn og fartøy (yrkestransportlova) og i tilhørande forskrift

I

§ 5 fyrste ledd fyrste punktum skal lyde:

”Den som mot vederlag vil drive godstransport med motorvogn eller kombinasjonar av køyretøy med tillatt totalvekt over ei vektgrense som vert nærare fastsett av departementet må ha løyve.”

§ 8 skal lyde:

”§ 8 Konkurransen ved tildeling av løyve

(1) Ved tildeling av løyve etter §§ 6 og 7 kan det nyttast konkurranse.

(2) Ved bruk av konkurranse gjeld reglane i arbeidsmiljøloven kapittel 16, §§ 16-2 til 16-7, om arbeidstakarar sine retter ved overdraging av verksemd. Dette gjeld og når konkurranse vert gjennomført av administrasjonsselskap på oppdrag frå løyvestyresmakta. Reglane i dette leddet skal berre gjelde i dei tilfelle kor verksemda etter konkurranse vert drive med same transportmiddel som før.

(3) Løyvestyresmakta skal ved utlysing av konkurranse gi informasjon om talet på tilsette hos noverande løyvehavar, med alder og ansiennitet på dei tilsette, samt gi ei oversikt over lønns- og arbeidsvilkåra deira.

(4) Løyvestyresmakta kan krevje at ei verksemd som har løyve etter §§ 6 eller 7 skal utlevere slik informasjon som vert rekna for nødvendig for at løyvestyresmakta i utlysinga av konkurransen skal kunne gjere kjent informasjon som nemnt i tredje ledd.

(5) Den som får tildelt løyve gjennom konkurranse må forplikte seg til å sikre dei tilsette som direkte medverkar til å oppfylle kontrakten, lønns- og arbeidsvilkår som ikkje er dårlegare enn det som følgjer av gjeldande landsomfattande tariffavtale eller det som elles er normalt for vedkommande stad og yrke. Tilsvarende plikt gjeld for underleverandørar.

(6) Departementet gjev nærare forskrift om konkurranse.

§ 16 fjerde ledd vert opphevd.

Ny § 37a tredje ledd skal lyde:

”Kjøresetel blir utferda for 10 år. For person som er fylt 60 år blir kjøresetelen utferda for 5 år. For person som er fylt 70 år blir kjøresetelen utferda for 1 år, men ikkje lenger enn til innehavar fyller 75 år. Dersom særlege helseforhold tilseier det, skal perioden kjøresetelen er gyldig for setjast kortare.”

I § 37h fyrste ledd andre punktum skal ”Statens helsetilsyn” endrast
”Helsedirektoratet”.

Ny § 40a skal lyde:

”§ 40a. Overtredingsgebyr

(1) Om nokon med vilje eller aktløyse bryt § 38 kan den som har fullmakt til å føre kontroll etter denne lova ilegge overtredingsgebyr. Når overtredinga som kan føre til overtredingsgebyr er gjort av nokon som har handla på vegne av eit føretak, kan overtredingsgebyr leggjast føretaket. Dette gjeld sjølv om overtredingsgebyr ikkje kan leggjast nokon einskild person. Med føretak er her meint selskap, enkeltpersonføretak, stifting, foreining eller anna samanslutning, bu eller offentleg verksemd.

(2) Når ikkje anna er bestemt er fristen for å betale overtredingsgebyr fire veker.

(3) Endeleg vedtak om overtredingsgebyr er tvangsgrunnlag for utlegg.

(4) Kongen kan gi forskrifter om fastsetjing og gjennomføring av overtredingsgebyr. Forskriftene kan innehalde reglar om rente og tilleggsgebyr dersom overtredingsgebyr ikkje blir betalt ved forfall, og om at også andre enn den som er ilagt sanksjonen er ansvarleg for at dette blir betalt.

I §§ 8, 22, 24 og 27 skal uttrykket "anbud" endrast til "konkurranse".

§ 4 tredje og fjerde ledd i forskrift om anbud i lokal rutetransport av 26. mars 2003 nr. 400 vert oppheva.

II

Lova gjeld frå....